



Sak 8/2018 Forslag om fylkeskommunen som tiltakseigar for prosjektutvikling i vidaregåande skular i samarbeid med kommunar. Drøftings sak.

Bakgrunn:

Etter nye kriterier frå Helsedirektoratet (2018) kan fylkeskommunen vere tiltakseigar for tiltak knytt til vidaregåande skular/opplæring. Kravet er at det er etablert samarbeid gjennom samarbeidsavtalar med ei eller fleire kommunar. Samarbeidsorganet må slutte seg til at fylkeskommunen kan stå som tiltakseigar og utvikle tiltak knytt til vidaregåande skular/vidaregåande opplæring.

Vurdering:

Vidaregåande skular er ein viktig arena for tiltaksutvikling for unge. Tiltaksutvikling på denne arenaen og i samarbeid med kommunar vil opne opp for samhandling knytt til aldersgruppa 16 til 19/20 år. Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa er ein viktig strategi for eit inkluderande samfunn i regional planstrategi 2016-2020. Det er også eit målområde i Regional plan for folkehelse.

Drøfting:

Hordaland fylkeskommune ber samarbeidsorganet om å slutte seg til at fylkeskommunen kan vere tiltakseigar i samarbeid med kommunar inn mot vidaregåande skular/opplæring.

Fylkeskommunen må fylle kriteria sett for kommunane over. I tillegg må det visast til etablert samarbeid gjennom samarbeidsavtalar med ei eller fleire kommunar.